



Referat frå kommunemøte 14. mars 2024

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, fylkeskommunen, KS, UDI og Haraldsplass

Ikkje til stades: Austevoll, Fitjar, Kvam, Stad, Stord, Sunnfjord, Tysnes og Vaksdal

1. Innleiing

Orientering om tryggleikspolitisk situasjon

Sidan sist møte har det vore to viktige markeringar. Sverige vart frå 11. mars det 32. andre medlemslandet i NATO, og vi har passert to-årsdagen for Russland sin fullskala invasjon i Ukraina

Alt tyder på at det er Russland som gjennom vinteren har hatt initiativet i krigføringa, og framleis har det. Det har kosta svært mykje, først og fremst i menneskelege lidingar. [På nettsidene til det atlantiske rådet](#) ligg det ein artikkel om dei russiske kostnadane i tal. Det vert m.a. hevda at 315 000 russiske soldatar er drepne eller skada i krigen i Ukraina.

President Zelensky sa på eit møte med pressa no i slutten av februar, at 31 000 ukrainske soldatar er drept sidan den fullskala invasjonen. Ukraina gir ikkje opp talet på såra eller sakna soldatar, og det føreligg heller ikkje offisielle tal om sivile skadde og drepne.

Det er ikkje noko som tyder på at vi står føre noko snarleg diplomatisk gjennombrøt.

Det atlantiske råd skriv at det ikkje er tvil om at det har skjedd ei endring i stemninga blant den russiske eliten, samanlikna med dei meir dystre utsiktene deira for vel eit år sidan. Rådet konkluderer med at denne fornya trua på endeleg russisk siger, mykje meir skuldast vestleg svakheit enn Kreml si eiga militære makt.

2. Fagsamling 5. til 6. november

Årets fagsamling for kommunane vil bli gjennomført på hotell Terminus i Bergen 5. til 6. november. Samlinga vil, som den har hatt dei siste åra, ha kommunedirektørar, beredskapskontaktar, kommuneoverlegar og andre som arbeider med beredskap i kommunen som målgruppe.

Vi har starta arbeidet med å utarbeide program for samlinga. Tema vi så langt har satt på agendaen er digital tryggleik og kunstig intelligens, ekstremisme og radikalisering, kommunalt helsevesen i eit totalforsvarsperspektiv og CBRNE-beredskap i møte med etablering av nye former for grøn energi.

Viss de har forslag til tema, eller tenkjer de (eller ein annan kommune) har gjort noko innan for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap som dei andre kommunane i fylket kan ha godt av høyre om, er det berre å sende desse innspela til mari.severinsen@statsforvaltaren.no.

Vi vil kome tilbake med oppdatert informasjon og påmelding til samlinga.

3. Brukarforum RAYVN

Vi minner om brukarforum for RAYVN for kommunar i Vestland onsdag 20. mars kl.12.00. Der vil vi mellom anna informere om kva forventningar vi har til kommunane, og kva de kan vente av oss når det kjem til bruk av RAYVN.

Innkallinga til møtet er sendt til RAYVN- og beredskapskontaktane i kommunane.

Viss de har spørsmål om RAYVN kan dei sendast til christer.thomassen.fuoy@statsforvalteren.no.



4. Øvingar for kommunane

Øvingar er eit viktig verkemiddel for å betre beredskapsarbeidet, og er noko vi prioriterer høgt. Gjennom oppdragsbrev har vi eit krav på oss om å øve alle kommunane i løpet av ein periode på fire år, men vi har ein ambisjon om å øve oftare enn det.

Fjellskredøving 5. mars

Den første var 5. mars i Eidfjord der kommunen, Vest politidistrikt, NVE og Statsforvaltaren øvde beredskapsplanverket for fjellskred frå Tussafoten i Øvre Eidfjord. Eidfjord Røde kors og Visit Eidfjord deltok som observatørar.

Øvinga markerte avslutninga av eit intensivt arbeid med å få på plass eit beredskapsplanverk for fjellpartiet. Det primære føremålet med øvinga var difor å sjå om beredskapssystemet fungerer, og om det er eit tilstrekkeleg grunnlag for å hindre at liv går tapt den dagen Tussafoten dett ned. Sentrale tema var om det er moment i objektplanen som må endrast eller oppdaterast, og om rollene til beredskapsaktørane er tydeleg avklarte.

[De kan lese meir om øvinga her.](#)

Totalforsvarsøving 13. mars

Onsdag 13. mars gjennomførte vi øving for ti kommunar. Scenarioet tok utgangspunkt i ein tilspissa tryggleikspolitisk situasjon i Noreg, der vi spelte inn konkrete problemstillingar og hendingar knytt til mellom anna kritisk infrastruktur, digital tryggleik og informasjonsberedskap. Det var same som vi brukte då vi øvde 17 kommunar i mai i fjor.

Eit viktig mål med øvinga var at den skulle bidra til auka krisehandteringskompetanse. Gjennom å bruke problemstillingar i øvre del av krisespekteret, hadde vi og eit mål om at øvinga skulle gi eit grunnlag for arbeidet med å utvikle det lokale totalforsvaret. Ein sentral del av det er å ha forståing for både eigne, og andre beredskapsaktørar sine roller og ansvar ved slike hendingar.

Vi gjennomførte øvinga digitalt, men i kriseleiinga i kommunane var det med folk frå Politiet, Sivilforsvaret og Heimevernet (ikkje alle kommune hadde representasjon frå alle tre etatane).

Vi har no gjennomført denne øvinga for 27 av kommunane i fylket. Vi planlegg å ha ei tilsvarande øving for dei resterande kommunane i 2025. Vi ser det som viktig at alle kommunane øver på dette scenarioet, og oppmodar dykk om å prioritere å delta når førespurnaden kjem.

5. Evaluering etter vêrhendingar

Etter uvêret 15. til 17. desember sendte vi ut ein e-post kommunane og fleire statlege og regionale aktørar, om erfaringar frå handteringa av den uønskte hendinga. Vi brukte tilbakemeldingane som utgangspunkt for eit evalueringsnotat, som først og fremst retter merksemda mot samordning og samvirke på tvers.

Etter dette var det i januar og februar fleire uvêrshendingar som gjorde det nødvendig med innsats frå kommunane og andre styresmaktar. Erfaringar frå desse hendingane vart òg tatt inn i notatet.

I møtet vert hovudfunna frå rapporten gjennomgått. Vi legg evalueringsrapporten ved referatet. Eventuelle innspel til rapporten kan sendast til mari.severinsen@statsforvalteren.no innan fredag 22. mars.

6. Kommuneundersøkinga 2024

DSB har sidan 2002 gjennomført spørjeundersøkingar om samfunnstryggleiksarbeidet i kommunane.



Resultatet frå undersøkinga vert brukt som kunnskapsgrunnlag inn mot ulike prosesser både på nasjonalt og regionalt nivå. DSB samanstiller kvart år ei felles rapport for heile landet, som saman med rådata frå undersøkinga vert publisert på deira heimeside.

Statsforvaltaren nyttar informasjonen frå rapporten, saman med mellom anna tilsynsrapportar, som grunnlag for kommunebiletet, som m.a. er tema i dialogmøta mellom embetsleiinga og den enkelte kommune. Det er òg ein del av kunnskapsgrunnlaget som vert lagt til grunn ved utveljing av tilsynskommunar.

[De kan lese meir om undersøkinga og resultatata frå fjorårets undersøking her.](#)

Resultat frå Vestland

Svarprosent: 79% (34 av 43 kommunar)

- 9 av 34 har ROS-analyse som er frå 2019 eller tidlegare. Mange er i prosess med revisjon av heilskapleg ROS-analyse.
- Alle har ein beredskapsplan, men 12 kommunar informerer om at denne vart sist revidert i 2022 eller tidlegare.
- 5 kommunar har øvd i 2021 eller tidlegare, eller hugsar ikkje når dei øvde sist.
- 25 kommunar informerer om at dei har eit beredskapsråd som i ulik grad har blitt kopla på kommunens beredskapsarbeid.
- 23 kommunar har vore utsett for ein eller fleire alvorlege naturhendingar dei siste to åra.
- 24 kommunar melder om at dei har gjennomført aktivitetar i samband med eigenberedskapsveka 2023.
- 14 av 17 kommunar med storulykkeverksemdar seier at planverket er heilt eller delvis samordna med storulykkeverksemda sitt beredskapsplanverk. 3 har svar nei eller at dei ikkje er sikker. 5 av dei 17 kommunane informerer om at dei har øvd på eit scenario som kan råke storulykkeverksemda dei siste tre åra.

7. NVE webinar

NVE har laga eit nytt kartprodukt som viser kor ein må vise aktsemd mot kvikkleireskred i byggesaker og arealplanar. NVE arrangerer eit webinar torsdag 18. april der dei vil i ein innføring i korleis ein skal nytte kartet og korleis det er utarbeid. [Meir informasjon om webinarret og påmelding finn de her.](#)

Neste planlagde kommunemøte er torsdag 18. april. Det er tidlegare sendt ut ein kalenderinvtasjon, og vi vil sende ut agenda i førekant av møtet.